



Direktoratet for mineralforvaltning

med Bergmeisteren for Svalbard

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dato: 26.06.2018
Vår ref: 18/02488-2
Deres ref: 18/475-5/N

Fråsegn til offentleg ettersyn av framlegg til kommuneplanen sin arealdel for Kvam herad

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00
E-POST mail@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883
SWIFT DNBANOKK
IBAN NO5376940505883
ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR
TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) visert til ovannemnde sak, datert 8. mai 2018.

DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og har et særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i plansaker.

Saka

Saka omhandlar framlegg til ny arealdel for Kvam kommune.

Viktige føringar for mineralressursar i planarbeidet

I Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging vedteke ved kongeleg resolusjon 12. juni 2015, heiter det at Noreg har store mineralressursar som det moderne samfunnet har behov for og utvinning kan gje grunnlag for verdiskaping. Den regionale og kommunale arealplanlegginga er viktig for å sikre tilgang til gode mineralreservar i framtida, og for å ta hand om andre miljø- og samfunnsomstsyn.

Regjeringas forventningar til regional og kommunal planlegging:

- *Fylkeskommunane og kommunane sikrar tilgjenge til gode mineralreservar for mogleg utvinning og veg dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Behovet for og tilgangen til byggjeråstoff blir sett i ein regionalsamanheng.*

Fråsegn frå DMF

DMF kan ikkje sjå å ha motteke varsel om oppstart i denne saka.

Kommunen har førekommstar av sand/grus, pukk, naturstein, malmar og industrimineraler. DMF kan ikkje sjå at ressursane er kartlagt, utreda eller gjort synleg i plandokumenta eller i plankart. Under Råstoffutvinning i planomtalen er følgande nemnd; «Ingen nye område er tatt inn i planen. Godkjent plan for Haukeli er ført vidare i planen.»

Kommunen bør vurdere om det er behov for å setje av fleire område til råstoffutvinning. Som dei nasjonale forventingane legg vekt på, omfattar forvaltning av mineralressursar ikkje berre å setje av nye område for utvinning i kommande



planperiode. Det inneber òg å sikre tilgjenge til gode mineralførekommstar for framtida og kommande generasjonar.

Det inneber at kommunen, så langt som mogleg, bør unngå å bandlegge registrerte mineralførekommstar gjennom arealbruk som kan føre til førekommstar blir bygd ned, eller legg andre avgrensingar for framtidig utnytting av ressursane. DMF rår difor kommunen til å få oversikt over ressurstilgang og behov for mineralressursar ved neste revidering av kommuneplanen. Mellombels oppmodar DMF kommunen til å bruke Noregs geologiske undersøking (NGU) sin database over mineralressursar og beskrive desse ressursane i planomtalen, i tillegg bør det leggjast omsynssoner over viktige førekommstar i arealplankartet. Rundskriv «Ikrafttredelse av endringer i plan- og bygningsloven og matrikkellova» datert 30. juni 2017, beskriv ny omsynssone for mineralressursar (§ 11-8). Fleire av sand- og grusførekommstane ligg i område som i dag gjer at uttak vil kome i konflikt med landbruk, busetnad og/eller infrastruktur. Dette gjer det enda viktigare å sikre dei tilgjengelige ressursane som ikkje er bandlagde. Ei omsynssone vil medverke til å sikre førekommstane ved eit eventuelt framtidig ynskje om å omdisponere areal.

Haukeli og Skålheim er nemnd som viktige førekommstar av skifer og blokkstein. Haukeli er det einaste område som er sett av til råstoffutvinning i kommunen, medan førekommsten og uttaket Skålheim ligg i eit område som er sett av til næring. DMF minn om at masseuttak bør settast av til råstoffutvinning, eventuelt i kombinasjon med næringsområde, og at ynskt etterbruk skal beskrivast i reguleringsplanen. Dette for å sikre forsvarleg drift med omsyn til miljø, samfunn og omgjevnader. DMF ber difor kommunen vurdere om det registrerte masseuttaket på Skålheim bør avsettast til råstoffutvinning og ikkje næringsområde slik det går fram av plana i dag. I følgje våre databasar er dette uttaket i sporadisk drift, og faktorar som driftstid, mengde massar som skal takast ut og kva massane skal brukast til, er avgjerande for kva formål området bør avsettast til.

Kommunen har òg fleire registrerte førekommstar av basemetallar, mellom anna svovelkis som er vunne ut i Gravdal gruve, og talk frå Høyviken gruber. Gruvene er registrert som nedlagde, men ressursen ved Høyviken gruber er lokalt viktig og kommunen bør sikre ressursen for framtida. DMF påpekar at det i gruveområda kan være moglege fareområder og sikringsobjekt. Både gruver som er i drift og som er nedlagde, bør gjerast greie for i arealplandokumenta. DMF minn om geonorge.no nye karttenester som gjeld aktsamheit for gamle gruver og mineraluttak.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no.

Med helsing



Dragana Skjøstad
seksjonsleder

Åshild Grønlien Østmoe
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Åshild Grønlien Østmoe*

Mottakarar:

Kvam kommune Kvam rådhusGrovagjelet 16 5600 NORHEIMSUND

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN